

# Styresak

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 25.04.2008  
Sakhandsamar: Åsmund Norheim  
Saka gjeld: **Landsverneplanen**

## Arkivsak

2008/98/008

**Styresak 043/08 B**

**Styremøte 07.05. 2008**

## Bakgrunn:

Ved Kgl.res. av 1. september 2006 vart det stilt krav om at det skal utarbeidast sektorvise landsverneplanar for statlege kulturhistoriske eigedommar. Landsverneplanen for den statlege del av helsesektoren (spesialisthelsetenesta) er planlagt ferdigstilt sommaren 2008.

Helse- og omsorgsdepartementet har engasjert Forsvarsbygg til å utarbeide landsverneplanen og har etablert ei koordineringsgruppe med representantar frå dei regionale helseføretaka til å støtte dette arbeidet.

Formålet med planen er å sørge for vern av eit utvalg kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer den statlege helsesektoren si historie og utvikling. Endeleg landsverneplan vil bli oversendt Riksantikvaren for godkjenning. Dessutan vil Riksantikvaren gjere formell fredning i medhald av kulturminnelova for dei bygg og anlegg i landsverneplanen som dette er aktuelt for.

Før Helse- og omsorgsdepartementet oversender landsverneplanen til Riksantikvaren, har departementet bedt dei regionale helseføretaka om å gi uttale til planen med bakgrunn i at dei respektive helseføretaka har fått uttala seg. Helse Vest RHF har oversendt planen til dei 4 helseføretaka som eig bygningsmasse som har vore gjenstand for verne vurdering og bedt om at styret i desse helseføretaka gir uttale. Helseføretaka si styrebehandling følgjer saka som vedlegg. Helse Stavanger har, slik det endelege utkastet til landsverneplan nå føreligg, ikkje bygningar som er omfatta av verneforslaget. Helse Stavanger har derfor vald å ikkje gi uttale i saka.

Den endelege landsverneplanen vil innehalde ei komplett oversikt over dei verna anlegga med omtale av kvart anlegg. I tillegg vil planen omfatte ei artikkelsamling som omtalar ulike historiske aspekt ved byggeverksemda innafor helsesektoren.

## Omfang av vern – orientering om utvalget som er gjort – verneklassar og verneområde Konsekvensar

Landsverneplanen omfattar 54 anlegg med tilsaman 314 bygningar fordelte over heile landet og oppførte over eit tidsspenn på omkring 150 år (frå ca. 1820 til 1990). Det er lagt stor vekt på å vise breidda og variasjonen i institusjonstypar gjennom perioden.

Når det gjeld helseføretaka i Helse Vest, er det særleg eigedommar i Helse Fonna og Helse Førde som er omfatta av verneplanen. Eigedommar i Helse Bergen er omfatta i mindre omfang og Helse Stavanger er ikkje omfatta av planen.

Landsverneplanen omfattar bygningar og anlegg inndelt i to verneklassar:

-*verneklasse 1* - desse er føreslått freda i medhald av kulturminnelova § 22a

-*verneklasse 2* - desse er føreslått verna i kraft av landsverneplanen, eventuelt at eigedommane blir regulert til spesialområde med formål bevaring etter plan- og bygningslova § 25.6.

For dei fleste bygningane er det eksteriøret som blir omfatta av vern og vernet legg då ingen begrensningar for tiltak i interiøret Eksteriørvern omfattar bygningens ytre, dvs. bevaring av utforming, materialbruk og detaljar i fasadar og takflater. I bygningane som blir omfatta av interiørvern, er det i hovudsak mindre deler av interiøret som er føreslått bevart.

For ein del verneobjekt er det avmerka eit skravert område omkring bygningen. Dette markerer at også deler av uteområdet er vurdert til å ha sjølvstendig verneinteresse, eventuelt at uteområdet saman med bygningen er vurdert å utgjere ein integrert del av anlegget. Kulturminnelova gir adgang til fredning av uteområde i tilknytning til freda objekt.

### **Konsekvensar av verneplanen – rutinar for innmelding av tiltak**

Landsverneplanen skal leggjast til grunn for helseføretaka si eigedomsforvaltning fram til det er fastsett endeleg forskrift. Landsverneplanen inneheld dokumentasjon til bruk i vernesaker i medhald av kulturminnelova og plan- og bygningslova og vil medverke til enklare og meir forutsigbar samhandling med kulturminnemyndighetene.

Helse- og omsorgsdepartementet uttalar i høyringsbrevet at dei føreset at helseføretaka medverkar i kulturminnevernet både gjennom vedlikehald, planlegging og gjennomføring av bygningsmessige tiltak på bygningar som er føreslått freda eller verna. Hovedprinsippet for forvaltning av verneverdige bygningar er å ivareta og vidareføre så mykje som mogleg av opprinneleg utforming, materialbruk og detaljar. Dersom det er aktuelt å setje i verk tiltak som vil medføre endringar eller som går ut over vanleg vedlikehald på bygningar som er føreslått freda, ber Helse- og omsorgsdepartementet om at det blir tatt kontakt med Riksantikvaren. Riksantikvaren vil også gi råd og rettleiing i slike saker.

### **Verneforslaget knytta til det enkelte helseføretak og merknadene frå helseføretaket**

#### **Helse Fonna**

Helse Fonna har tre anlegg som er omfatta av landsverneplanen. Desse er:

- Jonatunet i Jondal kommune
- Stord sjukehus i Stord kommune
- Valen sjukehus i Kvinnherad kommune

Desse anlegga utgjer 33% av den samla bygningsmassen til helseføretaket.

Styret i Helse Fonna har gjort følgjande vedtak (samrøystes):

1. *Styret vedtek "Høyringsuttale til forslag til landsverneplan" med endring.*
2. *Styret ber om at økonomisk meirkostnad som følge av særlege vernetiltak må takast omsyn til i inntektsfordelinga mellom helseføretaka i Helse Vest.*

Det går fram av uttalen frå helseføretaket at vernet truleg vil føra til meirkostnader i samband med vedlikehald og ombygging. I tillegg er det grunn til å tru at ein vil få redusert verdien på bygningane ved eventuelt sal. Store deler av bygningsmassen som er omfatta av verneplanen er føreslått som verneklasse 1 (fredning). Vernet vil også setja grenser for bruken ved at anlegga ikkje kan nyttast til prioriterte formål innan spesialisthelsetenesta.

## **Merknader knytta opp mot det enkelte anlegg:**

### **Jonatunet**

Ifølge verneplanen omfattar verneforslaget hovedbygg med sengebru, kurhall, kapell, garasje og parkanlegg, alt i verneklasse 1. Vernet omfattar bygga sine eksteriør og dei deler av interiøra som er opphavelge.

Helse Fonna uttalar at ved konstruktivt samarbeid med Riksantikvaren bør det vere mogleg å sikre både verne- og brukarinteresser. Oppsummeringsvis uttalar helseføretaket følgjande:

*"Føretaket går ut frå at ein gjennom utarbeiding av forvaltningsplan avgrensar vernet av hovedhuset til viktige sentralrom og ein mindre, typisk del av bygget. Ein må kunne byggja om resten av huset til ny bruk etter dagens krav slik at ein står fritt når det gjeld framtidig bruk. Føretaket vurderer å endre drifta ved institusjonen. Ved endra drift kan sal bli aktuelt".*

### **Stord sjukehus**

Det går fram av landsverneplanen at heile den delen av anlegget som vart bygt omkring 1970 er verna. Dette omfattar hovedbygg, teknisk bygg og bustader med omkringliggjande uteområde. Det same gjeld det gamle administrasjonsbygget frå det opphavelge "Furuly". Det einaste som ikkje er verna er "Gamle føden" og ein bustad frå 1950-talet. Tilbygg for operasjon og føde frå 2000 og Stord DPS fell utanom verneplanen.

Landsverneplanen omtalar i grunngjevinga for vernet følgjande:

*"Bygningene er et viktig eksempel på et representativt og godt bevart sykehusanlegg fra perioden. Av særlig betydning er Stord sjukehus som eksempel på et arkitektonisk særpreget bygg med rendyrket formspråk og materialvalg tilpasset landskap og eldre bygningsmasse. Bygningen har et markant formspråk, dimensjoner og materialbruk og gir anlegget som helhet stor kontrast og godt leselig historisk utvikling fra tiden omkring 1910 til 1970. Materialbehandling og utførelse vitner om høy kvalitet og bevisst formgivning i så vel eksteriør som interiør. Anlegget er preget av bevisst ivaretaking av opprinnelige elementer og arkitektoniske uttrykk og er et svært godt eksempel på utbygging av mindre tredelte lokalsjukehus i tiden frem til sykehusloven i 1969."*

Det er verneklasse 1 (fredning) som er føreslått for dei aktuelle bygningane og vernet omfattar alt eksteriør og utvalde delar av interiøret. Helse Fonna har allereie utarbeidd ein forvaltningsplan for anlegget i dialog med Riksantikvaren og søkt å tilpasse forvaltningsplanen til landsverneplanen. I høyringsuttalen har helseføretaket fleire enkeltmerknader der det blir påpeika at verneforslaget i landsverneplanen ikkje samsvarar med avklaringar føretaket har gjort med Riksantikvaren og som ligg til grunn for forvaltningsplanen som er utarbeidd for Stord Sjukehus. Helse Fonna oppsummerer sin uttale for Stord Sjukehus slik:

*"Dersom planen blir retta opp i samsvar med merknadene over, vil han ikkje vere til hinder for vidare utvikling av Stord sjukehus. I denne samanheng er det viktig å merka seg at "Gamle føden" mellom hovedbygget og administrasjonsbygget kan rivast for eventuelt å gje plass til nybygg."*

### **Valen Sjukehus**

Fleire av bygningane og deler av uteområda på Valen er føreslått verna i landsverneplanen. Her er nytta både vern i verneklasse 1 (fredning) og vern i verneklasse 2. Følgjande bygg og utområde er omfatta:

- Gamle Valemoen (det eine av 2 eldre hovedbygg):
- Vernet omfattar både eksteriøret og interiøret i sin heilhet. Alt i verneklasse 1.
- Administrasjonsbygg (Eldre overlegebolig):
- Vernet omfattar eksteriøret i verneklasse 2.
- Søsterheim
- Vernet omfattar eksteriøret i verneklasse 2.
- Ekely (opprinnelig tuberkulosesanatorium):
- Vernet omfattar eksteriør og uteområde i verneklasse 2.
- Gammal brannstasjon:
- Vernet omfattar eksteriøret i verneklasse 1.
- Gravlund:
- Omfattar gravlund med omkringliggjande område innafor eigedomsgrensa. Verneklasse 1.

Helse Fonna oppsummerer sin uttale for Valen slik:

*"Helse Fonna vurderer framtidig driftsform ved sjukehuset. For å få plass til eit eventuelt nybygg er det avgjerande at grensa for verna parkanlegg blir flytta slik at ho går frå Gamle Valemoen og følgjer den austre fasaden på Nye Valemoen ned til vegen. Verneplanen vil truleg føra til redusert verdi dersom ein i framtida måtte ynskja å selja delar av anlegget."*

## Helse Førde

Helse Førde har 2 anlegg som er omfatta av landsverneplanen. Desse er:

- o Førde sentralsjukehus
- o Psykiatrisk klinikk, avdeling Tronvik

Verneforslaget omfattar ca. 50% av det samla bygningsarealet til Helse Førde og inkluderer nokre av dei mest sentrale og produktive areal i helseføretaket

Styret i Helse Førde vil behandle saka i møte 30.april og styreprotokoll vil bli ettersendt. Oppsummeringa her byggjer på saksførelegget og tilrådinga frå adm.dir. i Helse Førde.

## Førde Sentralsjukehus

Verneforslaget i landsverneplanen omfattar sentralbygget med lågblokka frå 1979 og omfattar fasade og interiør samt parkanlegget .Dessutan omfattast teknisk sentral frå 1979 – eksteriør og interiør. Alt er føreslått verna i verneklasse 1(fredning). Grunngevinga til Forsvarsbygg er slik:

*"Førde sentralsjukehus er et tidstypisk eksempel på offentlig institusjonsbygging fra 1970-tallet og svært godt bevart sykehusanlegg fra perioden etter sykehusloven i 1969. Materialbehandling og utførelse vitner om høy kvalitet og bevisst formgivning i så vel eksteriør som interiør. Anlegget er preget av bevisst ivaretagning av opprinnelige elementer og arkitektoniske uttrykk. Til tross for senere endringer og påbygg, har anlegget i eksteriør og interiør svært høy grad av autenticitet i helhet og detaljer som er tidstypisk for sykehus og institusjonsbygg fra perioden"*

## Psykiatrisk avdeling, Tronvik

Verneforslaget omfattar 5 bygningar saman med uteområdet. Bygningane er føreslått verna i verneklasse 1 og uteområdet i verneklasse 2. I grunngevinga er det m.a. uttalt at anlegget har stor helsehistorisk verdi som ein av dei første åpne psykiatriske institusjonane i landet og at anlegget har nasjonal betydning som viktig eksempel på utviklinga innafør psykiatrien i Norge.

## Helseføretaket sine merknader

Helse Førde uttalar at dei ser positivt på intensjonane bak landsverneplanen og forslaget om at den eldste delen av Førde sentralsjukehus og Tronvik er med i verneplanen. Dei ser og positivt på den identitetsskapande verdi ei synleggjering av dei arkitektoniske kvalitetane som ligg i dei freda bygningane kan bety. Dette kan auke både interesse og forståing blant tilsette og publikum for slike verdier i ein helseinstitusjon.

Helse Førde understrekar at det er helseføretaket sitt ansvar å utarbeida forvaltningsplan i samarbeid med Riksantikvaren og at det er vanskeleg å forutsjå dei økonomiske konsekvensane av verneforslaget før slik forvaltningsplan er utarbeidd. Det blir framheva at fredning er ei streng form for vern som vil medføre store utfordringar for sentralsjukehuset i Førde. Krav til modernisering, innføring av ny teknologi, endring av tenestetilbodet og omstillingskrav generelt, vil medføre større utfordringar for Helse Førde enn for føretak som berre har deler av anlegget og meir perifere bygg med i verneforslaget. Helseføretaket peikar også på at eksteriørvernet skapar ei stor utfordring for den framtidige utviklinga av eigedommen, då det i framtida kan bli aktuelt å vurdere tilbygg eller nybygg inntil bygningane frå 1979.

Avslutningsvis uttalar helseføretaket at dei er positive til verneforslaget under føresetnad av at ein kjem fram til vernereglar i forvaltningsplanen som gjer det mogleg innafør ei akseptabel økonomisk ramme å gjennomføre nødvendige omstillingar, moderniseringar og å følgje opp krav etter brann- og arbeidsmiljølovgjevinga. Verneforslaget omfattar deler av dei mest sentrale og produktive areala i føretaket. Arealane har stor slitasje og vil også få krav til modernisering og oppdatering på grunn av funksjonsendringar og ny teknologi. Sjukehuset er derfor avhengig av at ein får ein klargjerande og praktisk operativ forvaltningsplan og rutinar som sikrar rask avklaring hos Riksantikvaren i aktuelle byggesaker.

Administrerende direktør har lagt fram slik tilråding for styret:

1. *Helse Førde er positiv til forslaget til landsverneplan for helsesektoren og vil medverke til eit positivt samarbeid om ivaretaking av dei kulturhistoriske verdiane knytt til sentralsjukehuset i Førde og Tronvik. Utfordringane eit moderne sjukehus har til omstilling vil krevje klare retningslinjer, fleksibilitet og rask saksbehandling frå alle partar i prosessen.*
2. *Styret føreset at det vert stilt til disposisjon ressursar til å bistå med utvikling av gode forvaltningsplanar. Departementet bør vurdere å stille til disposisjon prosjektressursar eller liknande i ein periode.*

## Helse Bergen

Ved Haukeland Universitetssjukehus er følgjande bygningar omfatta av verneplanen:

- o Gamle Hovedbygning frå 1912. Vernet omfattar kun eksteriør og er plassert i verneklasse 2.
- o Administrasjonsbygget frå 1912. Omfattar kun eksteriør og er plassert i verneklasse 2.
- o Sentralkjøkken/kantine frå 1966. Omfattar eksteriør og utvalde delar av interiør. Verneklasse 1
- o Kvinneklubben frå 1925. Omfattar eksteriør i verneklasse 2.
- o Overlegebolig frå 1925. Omfattar både eksteriør og interiør. Verneklasse 2.
- o Portnerbolig frå 1924. Omfattar eksteriør og deler av interiør. Verneklasse 2.
- o Studentbygg (Gamle Gade) 1912. Omfattar eksteriør i verneklasse 2.
- o Polio-telematikkbygg frå 1955. Omfattar eksteriør og inngangsparti. Verneklasse 2
- o Gamle Medisin B frå 1907-12. Omfattar eksteriør i verneklasse 2.
- o H-bygget frå 1912. Omfattar eksteriør og interiør. Verneklasse 1.
- o "Det hvite hus frå 1912. Omfattar eksteriør i verneklasse 1.
- o Hovedauditorium i sentralblokka ("frimerkefredning"). Verneklasse 1.
- o Undervisningssenteret frå 1938. Eksteriør og deler av interiør. Verneklasse 2
- o Haukelandsbakken 2 frå 1898. Eksteriør og interiør. Verneklasse 2.
- o Uteområde – gjenverande del av opphavleg park og hageanlegg framfor Gamle hovedbygg og Kvinneklubben og hage for Overlegebolig. Verneklasse 2.

## Askviknes

- o Gamle hovedbygg og vaktmesterbod frå 1899. Vernet omfattar eksteriør og deler av interiør i verneklasse 1.

## Kysthospitalet i Hagavik

- o Hovedbygning oppført i tidsrommet 1924-73. Omfattar eksteriør i verneklasse 1
- o Park og hageanlegg/uteområde. Verneklasse 1
- o Hytte v/søsterheim frå 1930. Eksteriør og interiør. Verneklasse 1.
- o Kraftstasjon frå 1930. Eksteriør og interiør. Verneklasse 1.
- o Lager/verkstad frå 1926. Omfattar eksteriør. Verneklasse 1.
- o Naust frå 1926. Omfattar eksteriør. Verneklasse 1.

## Helseføretaket sine merknader

Helse Bergen uttalar at dei har lagt vekt på å bevare bygningane sine hoveduttrykk på eksteriør så langt dette let seg gjere utan at dette går ut over effektiv og sikker sjukehusdrift. Helseføretaket uttalar vidare at forvaltninga av bygga som kjem inn under landsverneplanen vil føre til auka ressursbruk, då ein må leige inn eksterne rådgjevarar som kan utarbeide detaljerte forvaltningsplanar for kvart bygg. Helseføretaket understrekar at på grunn av tronge økonomiske rammer har føretaket i dag interne retningslinjer for å nytte mest mogleg vedlikehaldsfrie og reinhaldsvenlege materiale og komponentar i sine bygg. Dette inneber mellom anna at dei vel vindauge i plast eller aluminium så langt dette let seg gjere. Det er viktig at landsverneplanen ikkje hindrar helseføretaket i å fortsetje med dette, såframt ein sørgjer for å oppretthalde det uttrykket bygningane har i dag.

## Styret i Helse Bergen HF har gjort følgjande vedtak

1. *Styret i Helse Bergen sluttar seg til merknadene til landsverneplanen gitt i saksframlegget.*
2. *Fredning og vern av bygningar gir meirkostnader. Dette er svært krevjande i den økonomiske situasjonen Helse Bergen HF har.*

## **Kommentarar:**

Helse Vest RHF registrerer at dei 3 helseføretaka som er omfatta av landsverneplanen i utgangspunktet stiller seg positive både til landsverneplanen som styrande dokument for bygningsvernet og det omfanget som vernet har for det enkelte helseføretak. Helseføretaka uttalar at dei i vedlikehaldsarbeidet på bygningsmassen som er gjennomført opp gjennom åra har tatt naturleg hensyn til bygningane sine opphavlege kvalitetar og at dei er førebudde på å vidareføra dette arbeidet i samsvar med rammene som er lagt i landsverneplanen. Med bakgrunn i denne innstillinga hos helseføretaka har vi eit godt utgangspunkt for vidare arbeid som Helse Vest er godt nøgd med.

Når landsverneplanen har fått si endelege og formelle godkjenning i Helse- og omsorgsdepartementet og hos Riksantikvaren, er neste utfordring å utarbeide operative forvaltningsplanar for dei bygg og anlegg som er omfatta av planen. Dette ansvaret kviler på det enkelte helseføretak som eigar av bygningsmassen. Dette arbeidet skal utførast i samråd med Riksantikvaren som er antikvarisk myndigheit. Helse Vest RHF registrerer at alle 3 helseføretaka er opptekne av at landsverneplanen ikkje legg urealistisk strenge rammer for utarbeiding av forvaltningsplaner for det enkelte bygg. Derfor ber Helse Vest RHF om at det blir teke omsyn til dei merknader som helseføretaka knyter til det enkelte bygg, når det gjeld justeringar i forslaget til landsverneplan i forhold til det føreståande arbeidet med utarbeiding forvaltningsplanar. I første omgang gjeld dette spesielt Helse Fonna som allereie har utarbeidd forvaltningsplan for Stord sjukehus. Her er det gjort fleire merknader på manglande samsvar mellom landsverneplanen og forvaltningsplanen for Stord sjukehus

Likeeins er Helse Vest RHF, på same måte som helseføretaka, opptekne av at det blir oppretta effektive og gode kommunikasjons- og samhandlingsrutiner mellom helseføretaka og Riksantikvaren m.h.t. godkjenning av forvaltningsplanar for bygningsmassen og godkjenning av enkelttiltak på bygningar. Det er her svært viktig at sentrale myndigheiter har tilstrekkeleg kapasitet til å behandle planar og enkelttiltak raskt slik at dette behandlingsleddet ikkje framstår som ein flaskehals.

Avslutningsvis vil Helse Vest RHF uttrykke at vi på same måte som helseføretaka våre har ei positiv haldning til å ivareta det eigar- og forvaltingsansvaret som spesielt knyter seg til eigedommane som landsverneplanen omfattar. Vi ser på denne rolla og dette ansvaret som ein sentral og utfordrande del av det totale ansvaret vi har som eigar av statleg bygningsmasse.

## **Forslag til vedtak:**

1. Helse Vest RHF er positivt innstilt til landsverneplanen som eit overordna og styrande dokument for helseføretaka si forvaltning av kulturminnevernet som knyter seg til eigedomsmassen.
2. Helse Vest RHF ber om at det blir tatt hensyn til dei merknader som helseføretaka knyter opp mot det enkelte bygg, når det gjeld behovet for enkeltvise justeringar i landsverneplanen, i samband med helseføretaka sitt arbeid med forvaltningsplanar.
3. Helse Vest RHF føreset at det blir oppretta effektive og gode kommunikasjons- og samhandlingsrutinar mellom helseføretaka og Riksantikvaren med omsyn til godkjenning av forvaltningsplanar og enkelttiltak på eigedommar omfatta av landsverneplanen.